



Sjølv Arne Terje Haugland har ikkje fått nokre store fangstar i det siste. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalselva blir stadig meir kjend og populær som fiske-elv og eit døme på det er at ei Oslo-dame kom eins ærend for å fiska her. Og ho reiste nøgd heim etter å ha fått ein laks på tre-fire kilo siste dagen.

Det er oppsynsmann Arne Terje Haugland som fortel uskedalen.no. dette. Denne sommaren har han også hatt telefonar frå Stavanger-folk som vil ha nærare opplysningar om elva med tanke på ein fisketur.

Denne veka har fisketilhøva vore betre att etter ein periode med liten vassføring. Sidan regnet kom tysdag og vassføringa steig kraftig har Haugland høyrd om fangst av rundt 10 fiskar med tre kilo som den største. Men det har ikkje vore noko stort brett og sjølv har han fått berre ein liten fisk.

Kvifor fangstane ikkje har vore større har han ikkje noko godt svar på, men han peikar på at vassføringa auka svært fort og at vatnet sopte med seg mykje som gjorde det uklårt.

Han trekk også fram det ein gamal skulelærer og ivrig fiskar - Sigurd Haugland - alltid sa, nemlig at hvis skodda heng i Englafjell, kan ein berre pakka saman fiskestonga! Og skodda har vore der kvar einaste dag denne veka!

Av Ola Matti Mathisen